




# Vestlandsnaturen-

Kva har vi, og korleis ta vare på den?



Tore Larsen  
Statsforvaltaren i Vestland

# Vestland fylke har den mest varierte naturen i Noreg

Vegetasjonssonar:

Frå sør til nord: *nemoral, boreonemoral, sørboreal, mellomboreal, nordboreal, alpin, sørarktisk*

Vegetasjonsseksjonar:

Frå kyst til inntand: *sterkt oseanisk, klart oseanisk, svakt oseanisk, overgang, svakt kontinental*

Vegetasjonsgeografiske regionar:


Danmark	2
Finland	10
Sverige	17
Vestland fylke	22

I heile Noreg finst 26 vegetasjonsgeografiske regionar.




# Vestland fylke har den mest varierte naturen i Noreg

Med den store variasjonen følger også stor variasjon i naturtyper og artar – både på land og i sjøen!




Vasshår



Kystblåstjerne



Ålegras



Almelav




Alm


Rund porelav



Rogn



Kvit skogfrue




- 77 % av det verna arealet ligg høgare enn 1000 m over havet
- Det store naturmangfaldet ligg under 500 m. Der er knapt 4 % verna
- Kommunane er dei viktigaste naturforvaltarane!

## Ålegraseng




Mange artar lev i ålegrasenger, anten heile livet eller i tidlege stadium. Dei er svært viktige oppvekstområde for torskefisk.

Ålegrasengene finst berre på sandbotn på grunt vatn. Hos oss er engene ofte små, fordi vi manglar store gruntvassområde. Utfyllingspress gjer at slike engar stadig går tapt. I tillegg til direkte tap av leveområde, blir etter kvart også avstanden mellom ålegrasengene for lang å krysse for mange organismar.






Undervasstopografien på Vestlandet gjer at ålegrasengene er små – og lette å oversjå på kart




Ålegrasenger markert med raude sirkelar



Kombinasjonen av ålegrasenger og gytefelt er ekstra verdifull for artsmangfoldet

## Artsrike vegkantar og anna «kvardagsnatur»



Kan sjå kvardagsleg ut, men mange av desse areala er svært artsrike – særleg om dei ligg inntil ei sørvendt, varm li eller bergvegg...



Som andre marker på skrinn jord som ikkje blir gjødsla, er vegkantane viktige refugium for slåttemarksartar med få leveområde i dag.





Bilete frå vegkantar: Nokre pollinatorar og plantane dei lever på...



## Artsrike vegkantar og anna «kvardagsnatur»

Vegkantfloraen er skjøtselsbetinga, men kantslått skjer alltid for tidleg på året for både plantar og insekt.

Ofte for tidleg til at plantane rekk å sette frø, og ikkje minst for tidleg til at pollinatorane sine egg, larvar og pupper rekk å gjere unna utviklinga og sikre neste generasjon.

Bileta under viser ein fortauskant der berre nedre delen er slått: Betre løysing, men likevel altfor tidleg (23. juni). Fotgjengarar kan sikkert vernast mot dei ville blomane utan eit så stort inngrep.



# Artsrike vegkantar og anna «kvardagsnatur»



## Artsrike vegkantar og anna «kvardagsnatur» (- korleis ta vare på den)



Ein av dei mest artsrike vegkantane i Indre Sogn – før og etter kantslått med noko attåt

## Artsrike vegkantar og anna «kvardagsnatur»




Små alme- og bjørketre har blitt høvla over, og reagerer med mange nye skot frå bakken



## Anna kulturlandskap

Også her det same problemet for insekta. Det har innarbeidd seg ein «tradisjon» som seier at slått etter 15. juli er greitt, for da rekk slåttemarksplantane å sette frø.

- Fullt så enkelt er det likevel ikkje. Raudknapp er ein av dei mest populære næringsplantane for pollinatorane, og hos oss er den viktigaste blømingstida i juli-august
- Der slåtten skal brukast til fôr, kan det vere greitt å hauste tidleg nok til at fôrverdien er ok. Men da blir artsmangfaldet utarma, for slåtten skjer ikkje lenger som før - over ein lang periode.
- Dersom føremålet med slåtten i hovudsak er å ta vare på det gamle kulturlandskapet og artsmangfaldet der, bør ein vente til etter 15. august
- Det same bør vere sjølv sagt langs alle artsrike vegkantar! Kantslått kan gjerne vente til 1. september, og ofte er det så skrint at slått ikkje er nødvendig kvart år (og knapt nok det).





Norge i rødt, hvitt og

**GRÅTT**



# Skog

Kva er kjennemerke for skog med stor naturverdi?

1. Skogen har høg alder
2. God aldersspreiing (kontinuitet)
3. Mange daude tre, både ståande og liggande
4. Den daude veden må også ha god aldersspreiing (gamle daude stokkar er meir verd enn nye daude stokkar)
5. Artsførekomstar







# Skog

Furu: Spiss i toppen når den er ung, horisontale greiner når høgdeveksten er ferdig.

Furu kan vekse svært skrint, så små tre kan vere gamle!

Mange km med hogstgater i Noreg over myr og berg er rydda heilt unødvendig.



## Skog

Bilete av 19 cm brei furustubbe på berg med tynt jorddekke. Treet var 220 år gammalt


Felt pga. ny kraftlinjetrase, der ingenting var undersøkt eller kartlagt («konesjon gitt for lenge sidan»)



Treet til venstre er ei anna furu på skrin mark. Den er nok fleire hundre år gammal, men er knapt tre meter høg

# Skog

Denne gamle skogen er ein av svært få attverande skogar i fylket som er meir enn 400 år gammal.



A photograph of a forest landscape. In the foreground, a large, weathered tree trunk lies horizontally across the frame, its roots exposed and gnarled. The ground is covered with low-lying vegetation, including ferns and small shrubs, in shades of green and brown. In the background, a dense stand of tall pine trees rises against a pale, overcast sky. The trees have dark green needles and some show signs of age with bare, white branches. The overall scene suggests a natural, undisturbed forest environment.

Her er det planlagt hyttefelt...


# Skog



**Edellauvskog:** Hos oss stort sett utrydda på flatmark (i dalbotnane), og finst no i brattlendet på solsida av fjordar og dalar. Rikbarkstre med mange hundre tilknytte artar.

Ofte så utilgjengeleg at den får stå i fred, i alle fall etter at det blei slutt med tilskot for å plante gran i edellauvskog. Men ingen skog utanfor verna område er i prinsippet trygge for hogst.

Hovudproblem: **Hjortegnag på alm og ask.** Begge treslaga er sterkt trua.




# Skog

**Flaummarksskog:** Den mest artsrike naturtypen?

Men også blant den mest trua naturen i fylket...

- Finst på større, *flate* område langs vassdrag, og blir derfor oversvømte ved flaum
- Trea få mye «juling» av elva, derfor mange daude tre, ofte eit virvar av vegetasjon og daude trestammar
- Mye sopp, mosar, lav og insekt – og svært mye fugleliv
- Oppvekstområde for laks og aure





Forsøk med lysfelle i ein av dei største gjenverande flaummarkskogane i fylket:

- 260 artar sommarfuglar, 5 av dei raudlista
- 5 nye artar for Norge av snylteveps (så langt)
- Så store mengder insekt at materialet måtte fordelast på ekspertar i inn- og utland for å artsbestemmast. Arbeidet tok over tre år

Her er det planlagt golfbane...

«Det er så mye flaummarkskog langs elva at det ikkje kan vere noko problem»

Ikkje alltid så lett å nå ut med informasjon til dei som kanskje treng den mest







Vestlandsnaturen - kva har vi, og korleis ta vare på den?

Her er berre vist til nokre få døme:

- Ta vare på ålegrasengene – så reddar vi kanskje torsken óg
- Vent med kantslåttan langs vegane til 1. september
- Annan slått: Også her må ein tenke på insekta i tillegg til plantane, og vente så lenge som mogleg
- Lat meir furuskog stå igjen når det skal lagast nye kraftgater (spar pengar!)
- Reduser hjortebestanden betydeleg
- Unngå inngrep i restane av gammal skog og dei mest artsrike skogtypane

Bruk informasjonen om viktige førekomstar i Naturbase og Fylkesatlas!  
Den eldre kartlegginga etter DN-handbok 13 er framleis svært viktig; gir mest informasjon om førekomstane.

Ingen informasjon? Krev kartlegging der det er relevant etter NML § 8.

Er du i tvil, hjelper vi gjerne (men bruk helst epost...)

